

ORDNING FOR

Vigsling av evangelist

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Orientering

1. Denne ordninga vert bruka ved vigsling til teneste som evangelist i kyrkja vår.
2. Vigslinga går føre seg i ei gudsteneste under synode-/presbyteriemøte, stemne eller i ein lokal kyrkjelyd.
3. **L** liturg, og leiar av vigslinga, er ein av tilsynsmennene i kyrkja. **L** og den eller dei som skal vigslast **E.** og dei som assisterer ved handlinga, tek plass fremst i kyrkja når handlinga tek til.
4. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho, han / henne, det / dei / osv.
5. Salmar: Lovsogar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønnerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpa dei frammøtte i å tru Guds ord og vilje..

1 Salme

Handlinga tek til med ein passande salme/ song. Dei som skal ta del, tek plass framme.

2 Presentasjon og bøn

Her kan ein seia:

L Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

L Ein ny arbeidar i kyrkja vår vert i dag framstilt for dykk .Kyrkja har kalla (namn) til teneste som *evangelist*.

Den som skal vigslast, reiser seg når namnet vert nemnt.

L I dag skal *denne medarbeidaren* vigslast til tenesta si under hands-pålegging og bøn.

Her kan ein be:

L Lat oss be.

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du har kalla oss til å tena deg i denne verda. Herre Jesus Kristus, du har gjeve kyrkja di apostlar, profetar, evangelistar, hyrdingar og lærarar for å utrusta dei heilage, så dei kan utføra tenesta si og ditt folk byggjast opp og stadig nye få del i di frelse. Vi takkar deg for at vi ved din nåde vert kalla til å vera dine medarbeidarar. Vi bed deg no at du ved din Heilage ande vil opplysa og rettleia, trøysta og styrkja *denne tenaren din* som i dag vert vigsla til evangelist. Gjer *hennelhan* og alle dine tenarar til trugne forvaltarar av bodskapen du har gjeve oss i ditt ord.

Den som skal vigslast, set seg.

3 Skriftlesing

L Lat oss høyra kva Gud seier om tenesta med hans ord.

Dei følgjande eller andre passande tekstar vert lese av dei som assisterer.

L Det står skrive i

- a) Matt 28.18-20
- b) 1 Pet 2, 9-10
- c) 2 Tim 4, 1-2.5.

Liturgan avsluttar skriftlesingane med:

Slik lyder Herrens ord.

4 Vigslingstale

Den som leier handlinga, held ein kort tale over ein passande tekst, gjerne ein av dei som er lese.

Etter talen går den som skal vigslast, fram. Dei som assisterer, reiser seg.

5 Formaning og lovnad

L Jesus har lova å vera med tenarane sine alle dagar så lenge verda står.. Han kallar dei til å forkynna Ordet klart og reint og søkja hans rike først.

Når Herren no trur *deg* til ei teneste som *evangelist* i kyrkja vår, pålegg og formanar eg *deg* til

- å forkynna og læra Ordet klart og reint
- å læra og rettleia slik at menneske lærer frelsa å kjenna og vert lagt til hans kyrkjelyd

– at du også sjølv av hjartet legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn trengjer djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua.

L Så spør eg *deg*:

Trur *du* at skriftene i Det gamle og Det nye testamentet er Guds ord og at dette Guds ord er den einaste regelen og rettesnora for tru, lære og liv?

E Ja

Sluttar du deg til vedkjenningskriftene til den lutherske kyrkja?

E Ja

Elskar *du* vår Herre Jesus? Elskar *du* samfunnet av dei heilage? Vil *du*, så langt Gud gjev deg nåde til det, arbeida for at Jesu Kristi kyrkje skal vera eitt, bli bygd opp og utbreidd og forkynna Guds ord reint til frelse for menneske?

E Ja

L Så gjev meg handa på det.

Den som skal vigslast, stadfester lovnaden med handslaget..

6 Handspålegging og bøn

L Vi vil nå be om at Gud ved sin Ande må helga og utrusta *deg* til tenesta.

Den som skal vigslast, knelar. Dei som deltek i forbøna, legg handa på hovudet hennar/hans og bed ei kort bøn kvar. Liturgen avsluttar med bøn, for eksempel:

L Miskunnsame Gud, himmelske Far. Vi takkar deg for den tenaren du har gjeve oss i *hennelhan* som her knelar for ditt åsyn. Send *hennelhan* din Ande med gåver til tenesta, så *holhan* kan bli ein rett og god forkynnar av det heilage ordet ditt. Hjelp *hennelhan* til å utføra tenesta med frimod, kjærleik og truskap og gjev *hennelhan* visdom og klokskap i forvaltninga av oppdraget *holhan* har fått. Ver med *hennelhan* i motgang og prøvingar, gjer *hennelhan* tolmodig og audmjuk og hjelp *hennelhan* til å lita på deg under alle forhold. Gjev *hennelhan* å tena deg slik at trua vert styrkt og nye menneske blir lagt til ditt rike.

A Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

Den som er vigsla, reiser seg.

7 Framstilling og formaning til kyrkjelyden

L Kjære kyrkjelyd.

Då framstiller eg (namn) som vigsla til teneste som *evangelist* i kyrkja vår. Ta imot *hennelhan* i kjærleik og be for tenesta *hennar/hans*.

8 Salme

9 Preike/helsing av den som er vigsla

10 Salme